

Fråsegn frå Jølster barnevernteneste - 'forslag om å utvide adgangen til å pålegge hjelpetiltak med hjemmel i lov om barneverntjenester.'

Jølster barnevernteneste støttar seg til NOBO sin høyringsuttale. NOBO drøftar m.a. om ein kan pålegge nokon foreldrerettleiing.

I tillegg vil vi komme med synspunkt, der Vassenden skule har teke initiativ. Framlegget om pålegg av hjelpetiltak, har vore drøfta i PALS-teamet på skulen, og vert støtta fullt ut. Vassenden skule er ein kombinert barne-og ungdomsskule med 350 elevar og 50 tilsette.

- Barneverntenesta i Jølster har hatt eit møte med Vassenden skule, som har fleire innspel til departementet sitt framlegg:

Vassenden skule gjev eintydig støtte til pålegg av hjelpetiltak, slik framlegget frå departementet er.

Skulen har særleg tru på å kunne pålegge omsorgsendrande tiltak. Skulen støttar å kunne pålegge fleire tiltak enn i dag og å senke vilkåra for å pålegge eksisterande tiltak. Skulen har tru på m.a. slik å betre situasjonen til barnet og å kunne førebyggje meir inngripande tiltak.

- Vassenden skule ser at å kunne pålegge kompensierende tiltak, vil vere nyttig for det enkelte barn og for samarbeidet skule – barnevern. Vassenden skule tenkjer at hjelpetiltak som leksehjelp og foreldrerettleiing, vil gje ein lågare terskel for å melde og for å få hjelp.

Barneverntenesta i Jølster har eit godt samarbeid med Vassenden skule. Dei melder saker og bruker barneverntenesta aktivt, i samarbeid og oppfølging.

Jølster barnevernteneste ser at med pålegg av hjelpetiltak, vil vi måtte ruste oss meir for å ha gode hjelpetiltak å setje inn. Dette er utfordrande, på same tid som Bufetat strammar inn kva vi kan søkje om. Det er krevande å arbeide med å motivere til hjelpetiltak, dersom foreldre og barn har stor motstand og helst vil seie nei til hjelpetiltak.